

**KOMMISJONSVEDTAK****av 31. mai 1995****om gjennomføring av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggjevarer(\*)****(95/204/EF)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggjevarer<sup>(1)</sup>, endra ved direktiv 93/68/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 13, og

ut frå desse synsmåtane:

I artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett to ulike framgangsmåtar for samsvarsattestering av ei vare. Etter artikkel 13 nr. 4 skal Kommisjonen avgjere, etter samråd med Det faste byggjeutvalet som er nemnt i artikkel 19, kva framgangsmåte i artikkel 13 nr. 3 som skal nyttast for ei viss vare eller varegruppe.

Valet av framgangsmåte må gjerast etter dei kriteria som er fastsette i artikkel 13 nr. 4.

I artikkel 13 nr. 4 er det fastsett at Kommisjonen i kvart tilfelle skal velje den framgangsmåten som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at når ei viss vare eller varegruppe skal samsvarsattesterast, må det anten ved fabrikken finnast eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller det må for visse varer vere godtgjort at det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å stette dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definera slik dei vert nyttta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3, er utførleg omtala i vedlegg 3. I samband med vedlegg 3 må det difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegget.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg 3 nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn, andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg 3 nr. 2 i) og ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet -

**GJORT DETTE VEDTAKET:****Artikkel 1**

Dei varene og varegruppene som er oppførde i vedlegg 1, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der produsenten har eineansvaret for eit system for produksjonskontroll ved fabrikken som sikrar at varene er i samsvar med dei aktuelle tekniske spesifikasjonane.

**Artikkel 2**

Dei varene som er oppførde i vedlegg 2, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som finst ved fabrikken og produsenten har ansvaret for, vert nyttta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

**Artikkel 3**

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg 3 skal gå fram av standardiseringsmandata.

**Artikkel 4**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Uførda i Brussel, 31. mai 1995.

For Kommisjonen

*Martin BANGEMANN*

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 129 av 14.6.1995, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/96 av 4. oktober 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(<sup>2</sup>) TEF nr. L 220 av 30.8.1993, s. 1.

## VEDLEGG 1

- Ikkje-berande eller lett berande<sup>(1)</sup> prefabrikkerte varer av betong (særleg gjerde, koplingsboksar til bruk i telekommunikasjon, små kasseforma kulvertar og kledningselement).
- Varmeisolante materiale som er klassifiserte i brannmotstandsklasse A, B eller C, og som har ei yting ved brannpåverknad som ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen, og varmeisolante materiale i brannmotstandsklasse D, E eller F<sup>(2)</sup>.
- Dører, vindauge, portar, lemmar og liknande varer, bortsett frå mekanisk drivne dører og portar, branndører og brannvindauge og tilhøyrande beslag, medrekna naudbeslag.
- Membranar for allslags bruk i bygningar, bortsett frå dei som er nemnde i vedlegg 2 (medrekna fuktisolasjon, damprettande sjikt og sjikt for utjamning av vassdampttrykket).

## VEDLEGG 2

- Berande prefabrikkerte varer av betong (særleg spennarmerte holelement for golv, stolpar og master, fundamentpålar, forskalingslemmar, gitterdragarelement, golv og golvelement av bjelkar/plater, ribbe-element for golv, lange berande element (bjelkar og søyler), berande veggelement, støtteveggelment, takelement, siloar, trapper, brudekke-element og store kasseforma kulvertar).
- Varmeisolante materiale som er klassifiserte i brannmotstandsklasse A, B eller C<sup>(2)</sup>, og som har ei yting ved brannpåverknad som kan endre seg under produksjonsprosessen.
- Mekanisk drivne dører og portar, branndører og brannvindauge og tilhøyrande beslag, medrekna naudbeslag.
- Membranar som vert nytta på stader der dei kan utsetjast for brann (undertaksledning, takkledning og sjikt for utjamning av vassdampttrykket).

<sup>(1)</sup> Lett berande varer vert nytta der konstruksjonssvikt ikkje kan føre til at bygget eller ein del av det styrtar saman, til utilatelege formendringar eller til personskade.

<sup>(2)</sup> Brannmotstanden vert vurdert i høve til klassar og nivå som er fastsette ved kommisjonsvedtak 94/611/EF (TEF nr. L 241 av 16.9.1994), og i samsvar med vilkåra i vedlegg 3.

## VEDLEGG 3

### VAREGRUPPE: VARMEISOLERANDE VARER (1/1)

#### 1. System for samsvarsattesting

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elekroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Alle varmeisolante varer som er fabrikkproduserte eller tillaga på byggjeplassen	All bruk	A - B - C <sup>(1)</sup> A - B - C <sup>(2)</sup> D - E - F	1 <sup>(3)</sup> 3 <sup>(4)</sup> 4 <sup>(5)</sup>

<sup>(1)</sup> Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som er framstilte av brennbare råstoff).

<sup>(2)</sup> Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som er framstilte av ikkje-brennbare råstoff).

<sup>(3)</sup> System 1: Sjå byggjevaredirektivet (BVD), vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

<sup>(4)</sup> System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

<sup>(5)</sup> System 4: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

#### 2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 1 og 3 (slik prøving skal tingast av produsenten med omsyn til system 3) [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 21a: **Euroklasse-eigenskapar med omsyn til brannmotstand**, i samsvar med kommisjonsvedtak 94/611/EF.

**VAREGRUPPE: DØRER, VINDAUGE, LEMMAR, PORTAR OG  
TILHØYRANDE BESLAG (1/3)**

**1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Branndører, brannvindauge og tilhøyrande fastmonterte beslag	Branntekniskoppdeling	Alle	1 (¹)

(¹) **System 1: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 1 [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 22b: **integritet E,**
- 22c: **isolasjon I,**
- 22f: **røyktettleik S,**
- 23a: **sjølvlukkande C,**
- 23b: **utløysingsevne (gjeld berre tilhøyrande beslag).**

## **VAREGRUPPE: DØRER, VINDAUGE, LEMMAR, PORTAR OG TILHØYRANDE BESLAG (2/3)**

### **1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk		System for samsvarsattesting
Mekanisk drivne dører og portar	All bruk		1 (¹)

(¹) System 1: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

### **2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av vara [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 23a: sjølvlukkande C.

## **VAREGRUPPE: DØRER, VINDAUGE, LEMMAR, PORTAR OG TILHØYRANDE BESLAG (3/3)**

### **1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk		System for samsvarsattesting
Alle andre typar dører og vindauge	All annan bruk		3 (¹)

(¹) System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av vara, som skal tingast av produsenten [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:
- 33a: **vasstettleik,**
  - 34f: **tal for utslepp av farlege stoff (gjeld berre påverknad innandørs),**
  - 43g: **motstand mot vindlast,**
  - 51b: **tal for luftlydisolasjon (gjeld berre der det vert stilt krav til akustisk yteevne),**
  - 61a: **varmemotstand,**
  - 61b: **luftpermeabilitet.**

**VAREGRUPPE: MEMBRANAR (1/5)**

**1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Fuktisolasjonslag	I undergolv i hus og i tankfundament		3 (¹)

(¹) **System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av vara, som skal tingast av produsenten [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:
- 33a: **vasstettleik.**

**VAREGRUPPE: MEMBRANAR (2/5)****1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Dampettande sjikt	I murvegger		3 (¹)

(¹) **System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av vara, som skal tingast av produsenten [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 33a: **vasstettleik.**

**VAREGRUPPE: MEMBRANAR (3/5)****1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Undertakskledning	Bruk på stader som er utsette for brann All annan bruk	A- B - C D - E	1 (¹) 2+ (²) 3 (³)

(¹) **System 1: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.**

(²) **System 2+: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna prov på at eit godkjent organ utfører produksjonskontroll ved fabrikken på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning.**

(³) **System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.
- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 1 [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:
  - 21a: **Euroklasse-eigenskapar med omsyn til brannmotstand**, i samsvar med kommisjonsvedtak 94/611/EF.
- 2.3. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 3, som skal tingast av produsenten [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:
  - 33a: **vasstettleik**.

**VAREGRUPPE: MEMBRANAR (4/5)**

**1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmora om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Takkledning	I tak		2+ (^)

(^) System 2+: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna prov på at eit godkjent organ utfører produksjonskontroll ved fabrikken på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning.

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

**VAREGRUPPE: MEMBRANAR (5/5)****1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Sjikt for utjamning av vassdamptykket	Bruk på stader som er utsette for brann All annan bruk	A - B - C D - E	1 <sup>(1)</sup> 2+ <sup>(2)</sup> 3 <sup>(3)</sup>

<sup>(1)</sup> **System 1:** Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

<sup>(2)</sup> **System 2+:** Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna prov på at eit godkjent organ utfører produksjonskontroll ved fabrikken på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning.

<sup>(3)</sup> **System 3:** Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yting til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

- 2.2. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 1 [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 21a: **Euroklasse-eigenskapar med omsyn til brannmotstand**, i samsvar med kommisjonsvedtak 94/611/EF.

- 2.3. Når det gjeld den innleiande typeprøvinga av varer som høyrer inn under system 3, som skal tingast av produsenten [sjå vedlegg III nr. 1 bokstav a) i BVD], er oppgåva til det godkjende organet avgrensa til å kontrollere følgjande eigenskapar:

- 33b: **vassdamppermeabilitet.**

**VAREGRUPPE: PREFABRIKKERTE VARER AV VANLEG BETONG,  
LETTBETONG ELLER TRYKKHERDA LETTBETONG (1/2)**

**1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Prefabrikkerte	Berande konstruksjonar varer av betong		2+ (¹)

(¹) **System 2+: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna prov på at eit godkjent organ utfører produksjonskontroll ved fabrikken på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

**VAREGRUPPE: PREFABRIKKERTE VARER AV VANLEG BETONG,  
LETTBETONG ELLER TRYKKHERDA LETTBETONG (2/2)**

**1. System for samsvarsattesting**

- 1.1. For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere det følgjande systemet for samsvarsattesting i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar	System for samsvarsattesting
Prefabrikkerte varer av betong	Ikkje-berande eller lett berande konstruksjonar		4 (¹)

(¹) **System 4: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.**

**2. Vilkår som CEN skal legge til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

- 2.1. Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå tilfellet «ytelse ikke fastsatt» i samband med artikkel 2 nr. 1 i BVD, og nr. 1.2.3 i basisdokumenta når det gjeld ytingsklassar i medhald av artikkel 3 nr. 2). I slike tilfelle kan produsenten ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom han ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.